

Jærtun Lutherske Friskule er ein kristen, frittstående, 10-årig grunnskule på Bryne på Jæren. Skulen starta hausten 2001 og har no 103 elevar i 1.-10. klasse.

Jærtun Lutherske Friskule er oppretta og godkjent som eit kristent alternativ. Skulen har eit evangelisk-luthersk, bibeltru grunnlag. Sjå elles [www.jaertun.no](http://www.jaertun.no).



## Lærarstilling frå 01.08.2019

Skulen søker etter lærar som er glad i born og unge og ønskjer å vera med å realisera ein kristen skule. Me arbeider for at elevane våre skal ha ein trygg og god skulekvardag der dei får grundig og solid opplæring. Det kristne fundamentet er også viktig ved vår skule.

Skulen har særskilt behov for lærar i småskulen. Erfaring som klassekontakt er ein fordel.

Bruk skulen sitt søknadsskjema og eigen CV. Søknadsskjema kan du lasta ned [her](#).

### **Tilsetjingsvilkår**

Tilsetjing etter gjeldande lover og føresegner. Løns- og arbeidsvilkår som i offentleg skule. Den som vert tilsett må leggja fram politiattest. Søkjarar må aktivt støtta og stå inne for skulen sitt grunnlag og formål og må kunna gje opplysningar om dette.

Nærare opplysningar kan ein få ved å venda seg til skulen ved rektor, tlf 51 77 68 80.

Send søknad og CV til skulen på e-post: [rektor@jaertun.no](mailto:rektor@jaertun.no) eller pr post: Jærtun Lutherske Friskule, postboks 61, 4349 Bryne.

Søknadsfrist: Søkarar blir vurdert forløpande.